Solund kommune

Innkalling

Utval:	FORMANNSKAP
Møtestad:	Møterommet
Dato:	07.06.2018
Tid:	Kl. 09:00

Solund formannskap vert med dette kalla inn til møte.

Representantar med lovleg forfall eller som er ugilde i nokon av sakene, må snarast råd melde frå til Solund Servicekontor, telefon 57 78 62 00 eller e-post post@solund.kommune.no slik at vararepresentantar kan kallast inn.

Vararepresentantar til formannskapet møter etter nærare innkalling.

Saksdokumenta ligg til ettersyn i ekspedisjonen på kommunehuset.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	
034/18	Forvaltning av næringsarbeid i Solund kommune	
035/18	Status reguleringsplan Sjønesvegen	

Solund kommune
05.07.2018

Gunn Åmdal Mongstad
-ordførar-

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	
034/18	Forvaltning av næringsarbeid i Solund kommune	
035/18	Status reguleringsplan Sjønesvegen	

Solund kommune

Arkiv:	K1 - 030, K2 - U01
ArkivsakID:	18/157
JournalpostID:	18/1693
Sakshandsamar:	Tor Arne Hauge
Dato:	04.06.2018

Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
034/18	FORMANNSKAP	07.06.2018
	KOMMUNESTYRE	

Forvaltning av næringsarbeid i Solund kommune

Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre godkjenner avtale med Nordhordland Næringshage AS om kjøp av fyrstelinetenester og forvaltning av næringsfond i eit år med opsjon for eit år til slik den ligg føre.

Vedlegg i saka:

08.05.2018	Konkurransegrunnlag kommunalt næringsarbeid
09.05.2018	Vedlegg 1 - Skildring av oppdrag - næringsarbeid for Solund kommune
22.05.2018	Tilbodsbrev
22.05.2018	Vurderingtabell tilbod næringsarbeid
25.05.2018	Innstilling av leverandør - Kommunalt næringsarbeid
04.04.2018	Tilskot til kommunale næringsfond og stimuleringstilskot for 2018
04.06.2018	Avtale Nordhordland Næringshage AS og Solund kommune

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

- Retningsliner for tildeling av midlar til kommunale næringsfond. Sogn og Fjordane Fylkeskommune -Gjeld frå 2018
- Retningsliner for arbeidsdeling i finanssaker

Kva saka gjeld:

Godkjenning av avtale om kjøp av tenester innan kommunalt næringsarbeid.

Saksutgreiing:

Etter at HAFS Utvikling er avvikla må Solund kommune finne nye løysingar for organisering av næringsarbeidet. Drøftingane som vert gjort i samband med utforminga av kommuneplanen sin samfunnsdel kan gje overordna føringar for korleis næringsarbeidet bør organiserast på lang sikt. Samfunnsdelen vert jobba med utetter våren, og vert truleg vedteken hausten 2018.

Solund kommune må difor finne ei mellombels løysing for organisering og drift av næringsarbeidet. Mellombels løysing for næringsarbeidet må på plass snarast.

Solund formannskap gjorde i fsak 017/18 fylgjande vedtak:

> *Solund formannskap ber om at administrasjonen utformar eit enkelt konkurransegrunnlag for kjøp av fyrstelinetenester og forvaltning av kommunalt næringsfond og næringslån.*
>
> *Avtaleperioden bør vere 1 år med opsjon for forlenging i inntil 1 år til.*
>
> *Solund formannskap ber om at administrasjonen hentar inn tilbod frå 2-3 mogelege leverandørar av fyrstelinetenester.*
>
> *Solund kommunestyre må endeleg godkjenne avtale om kjøp av fyrstelinetenester.*
>
> *Det vert lagt fram sak om retningslinjer for næringsfond til kommunestyret i juni.*

Administrasjonen utforma eit konkurransegrunnlag som vart sendt ut til tre aktørar med tilbodsfrist 22.05.18. Dei førespurde aktørane var:

- Nordhordland Næringshage AS
- Aksello AS
- Tom Erling Bahus/Bauge og Bahus AS

Alle dei førespurte sendte inn tilbod innan fristen.

Administrasjonen vurderte dei innkomne tilboda utifrå kriteria som låg i konkurransegrunnlaget. Nordhordland Næringshage AS vart vurdert til å ha et beste tilbodet. Dei tilbyr å tilsetje ein lokal ressurs i minimum 50% stilling som m.a. skal utføre tenester knytt til fyrstelinetenesta og førebuing av næringssaker til politisk handsaming.

Viser elles til vedlagde konkurransegrunnlag og vurderingstabell.

25.05.2018 vart innstilling til val av leverandør sendt ut til dei tre tilbydarane.

Nordhordland Næringshage og administrasjonen i Solund kommune utforma eit framlegg til avtale om kommunalt næringsarbeid.

Forslag til nye retningsliner for forvaltning av næringsfond vert handsama i eiga sak.

Vurdering:
Adminstrasjonen i Solund kommune vurderer tilbodet frå Nordhordland NæringshageAS til å vere det beste, og tilrår at Solund kommunestyre godkjenner avtalen slik den ligg føre.

Etter endeleg vedtak utskrift til:

Solund kommune

KONKURRANSEGRUNNLAG

Avgrensa tilbodskonkurranse
etter del I og II i forskrifta

for innkjøp av

Kommunalt næringsarbeid - fyrstelinetenester og forvaltning av næringsfond og næringslån

for levering til Solund kommune

Saksnr. 18/157

Innhald

1 GENERELL SKILDRING 3
1.1 Oppdragsgivar 3
1.2 Innkjøpsprosedyre 3
1.3 Frist og krav til innsending av tilbod 3
1.4 Skildring av oppdragsgivar sine behov 3
1.5 Generelle kvalifikasjonskrav til leverandør 3
1.6 Krav til tilbodet 3
1.7 Deltilbod 3
1.8 Viktige datoar 4
2 REGLAR FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN 4
2.1 Innkjøpsprosedyre 4
2.2 Offentlegheit og teieplikt 4
2.3 Vedståingsfrist 4
2.4 Oppdatering av konkurransegrunnlaget og tilleggsopplysningar 5
3 TILDELINGSKRITERIUM 5
4 ATTERHALD 5
5 VEDLEGG 5

GENERELL SKILDRING
Oppdragsgivar

Solund kommune

Kontaktperson hos oppdragsgivar er:

Namn: Tor Arne Hauge
Postadresse: Solund kommune, Kommunehuset, 6924 Hardbakke
E-post: tor.arne.hauge@solund.kommune.no

Send eventuelle spørsmål på e-post til kontaktpersonen.

Det skal ikkje vere kontakt/kommunikasjon om tilbodskonkurransen med andre hos oppdragsgivar enn kontaktpersonen.

Innkjøpsprosedyre
Innkjøpsprosedyren som er valt følgjer av forskrift til lov om offentlege anskaffingar del I § 2-1, 1.ledd. Det vert sendt ut tilbodsførespurnad til 3 tilbydarar.

Frist og krav til innsending av tilbod

Tilbodet må sendast til Solund kommune innan **22.05.2018 kl 12:00.**

Tilbodet må sendast innan fristen til epostadresse post@solund.kommune.no

Vi ber om at det vert vist til arkivsaknr 18/157.

Tilbod som vert sendt inn for seint vert avvist.

Skildring av oppdragsgivar sine behov
Oppdragsgivar si skildring av oppdraget følgjer av vedlegg 1.

Generelle kvalifikasjonskrav til leverandør
Leverandøren sine generelle kvalifikasjonskrav vil bli vurdert ut i frå følgjande dokumentasjon:

1. Attest for skatt og meirverdiavgift ikkje eldre enn 6 månader rekna frå tilbodsfrist.
2. HMS eigenerklæring

Krav til tilbodet
Tilbodet skal innehalde følgjande:

- Namn og e-postadresse for kontaktpersonen hjå tilbydar
- Dokumentasjon for oppfylling av generelle kvalifikasjonskrav (skatteattest, eigenerklæring HMS)
- Tilbodet skal skildre korleis tilbydar skal utføre oppdraget, jamfør vedlegg 1) *Skildring av oppdraget*.
- Tilbodet skal vere utforma på nynorsk.
- Prisane skal oppgjevast i NOK, inkl.mva der mva er spesifisert.
- Stadfesting på at tilbydar vedstår seg tilbodet i 3 månader rekna frå tilbodsfristen.

Deltilbod

Det er ikkje høve til å gi tilbod på delar av oppdraget.

Viktige datoar
Oppdragsgivar har lagt opp til slike tidsrammer for prosessen:

Aktivitet	Tidspunkt
Utsending av konkurransegrunnlag	07.05.18
Frist for å stille spørsmål til konkurransegrunnlaget	15.05.2018 kl 12:00
Frist for å levere tilbod	22.05.2018 kl 12:00
Tilbodsopning	22.05.2018 kl 13:00
Evaluering	23.05.2018
Eventuell dialog	24.-25.05.2018
Val av leverandør og kunngjering til leverandørar	28.05.2018
Karensperiode	29.05-07.06.2018
Kontraktsinngåing	08.06.2018
Vedståingsfrist for tilbodet	22.08.2018

Merk at tidspunkta etter innleveringsfrist for førespurnad om deltaking er førebelse og kan bli justerte. Ei eventuell forlenging av vedståingsfristen for tilbodet kan berre skje dersom leverandøren godkjenner dette.

REGLAR FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN
Innkjøpsprosedyre

Innkjøpet blir gjennomført i samsvar med lov om offentlige anskaffelser av 17. juni 2016 (LOA) og forskrift om offentlige anskaffelser (FOA) FOR 2016-08-12-974. del I og del II.

Kontraktstildeling vil bli gjort etter prosedyren avgrensa tilbodskonkurranse, jf. FOA § 8-3.

Utveljing av kva for leverandørar som skal få levere tilbod er gjort. Berre dei leverandørane som har vorte utvalde og inviterte har høve til å levere tilbod.

Oppdragsgivar planlegg å gjennomføre dialog gjennom forhandlingar med ein eller fleire av leverandørane som leverer tilbod i konkurransen. Forhandlingane vil kunne gjelde alle sider av tilboda. Utveljinga av kven det vil forhandlast med, vil bli gjort etter ei vurdering av tildelingskriteria. Det blir planlagt å ha forhandlingar med maksimalt 3 leverandørar.

Forhandlingar blir ikkje gjennomførte dersom oppdragsgivar, etter at tilboda er mottatte, vurderer at forhandlingar ikkje er føremålstenlege. Dialog i form av rettingar/avklaringar blir gjennomførte ved behov.

Leverandøren blir på det sterkaste oppfordra til å følgje dei rettleiingane som blir gitt i dette konkurransegrunnlaget med vedlegg og eventuelt stille spørsmål ved uklare punkt per e-post til kontaktperson.

Offentlegheit og teieplikt
For ålmenta sitt innsyn i dokument knytte til ei offentleg anskaffing, gjeld offentleglova. Oppdragsgivar og tilsette der pliktar å hindre at andre får tilgang eller kjennskap til opplysningar om tekniske innretningar og framgangsmåtar eller drifts- og forretningsforhold det vil vere av konkurransemessig verdi å halde hemmeleg, jf. FOA §§ 7-3 og 7-4 og, jf. forvaltningslova § 13.

Vedståingsfrist
Leverandøren må vedstå seg tilbodet sitt til det tidspunktet som er angitt i pkt. 0 ovanfor.

Oppdatering av konkurransegrunnlaget og tilleggsopplysningar
Eventuelle rettingar, suppleringar eller endringar av konkurransegrunnlaget, og spørsmål til konkurransen med svar i anonymisert form, vil bli formidla til alle leverandørar som har registrert si interesse for anskaffinga på Doffin.no. Dersom leverandøren finn at konkurransegrunnlaget ikkje gir tilstrekkeleg rettleiing eller er uklart, kan han ta skriftleg kontakt med oppdragsgivar sin kontaktperson og be om tilleggsopplysningar. Merk førespurnaden med namnet på konkurransen, og send førespurnaden på e-post til oppdragsgivar sin kontaktperson.

Dersom det blir oppdaga feil i konkurransegrunnlaget, blir det bedd om at dette blir formidla skriftleg til oppdragsgivar sin kontaktperson.

TILDELINGSKRITERIUM

Tilbydar må levere eit tilbod som samsvarar med skildring av oppdraget (vedlegg1) for å verte teken med i vurderinga. Val av tilbydar vil bli gjort gjennom ei samla vurdering av følgjande kriterium:

Kriterium	Krav til dokumentasjon
Pris (25% vekt) - Tilbydd totalpris på leveranse	- Pris skal vere del av tilbodsdokumentet
Kvalitet (50% vekt) Under dette kriteriet vil vi vurdere: - Kompetanse og erfaring innan næringsutvikling og innovasjon - Kapasitet til å levere - Lokalkjennskap	- Skildring av forslag til oppgåveløysing - Organisasjonsplan som syner kvalifikasjonar hjå tilbydd personell for leveransen. - Dokumentasjon av tidlegare leveransar
Tidsbruk i Solund (25% vekt)	- Skildring av kor mykje og korleis tilbydar vil bruke tid på næringsarbeid i Solund

ATTERHALD
Vi tek atterhald om at dersom vi vurderer at tilboda ikkje oppfyller kriteria godt nok, så kan prosessen avsluttast utan at nokon av tilbydarane får oppdraget. Vi tek og atterhald om at tilboda er innanfor den økonomiske ramma for innkjøpet.

VEDLEGG
- Vedlegg 1 Skildring av oppdraget
- Stadfesting av tilbod (skjema nedanfor)
- Skjema for eigenmelding HMS
- Tilskot til kommunale næringsfond og stimuleringstilskot 2018
- Retningsliner for tildeling av midlar til kommunale næringsfond. Gjeld frå 2018.
- Retningsliner for arbeidsdeling i finansieringssaker

Leverandøren skal fylle ut tabellen og signere under tabellen.

Firmanamn:			
Org.nummer:			
Postadresse:			
Besøksadresse:			
Telefonnummer:			

Kontaktperson:			
Telefonnummer:		Mobilnummer:	
E-postadresse:			

Leverandøren nemnt over gir med dette vedlagde tilbod i samsvar med dei vilkåra som kjem fram av konkurransegrunnlaget.

☐Vi vedstår oss tilbodet vårt til den datoen som er angitt i konkurransegrunnlaget. Tilbodet kan aksepterast av oppdragsgivar når som helst fram til utløp av vedståingsfristen.

Stad	Dato	Underskrift og ev. stempel
		Namn med blokkbokstavar

Tor Arne Hauge
Sakshandsamar

Vedlegg 1

Kommunalt næringsarbeid - fyrstelinetenester og forvaltning av næringsfond og næringslån for Solund kommune

Skildring av oppdraget

Innleiing

Kommunane skal ha ei aktiv rolle i næringsutviklingsarbeidet. Kommunane skal konsentrere sitt arbeid om etablerarar og småskala næringsliv. Kommunane er normalt første kontaktpunkt i tidleg fase og ein samtalepartnar for foredling og vidareutvikling av bedrifta eller etableraren sin ide. Kommunane må kunne yte praktisk bistand i oppstarts - eller planleggingsfasen.

Eit av virkemidla som kommunane har innan næringsarbeidet er det kommunale næringsfondet. Dette fondet er øyremerka lokal næringsutvikling. Kommunane har stort sett kvart år fått overført midlar til påfylling på det kommunale næringsfondet. Det vert stilt ein del vilkår for denne tildelinga. Vilkåra kan endre seg over tid saman med andre rammevilkår, retningsliner og satsingsområde frå stat og fylkeskommune.

Korleis kommunane vel å løyse sine oppgåver innan næringsutvikling varierer, både mellom kommunar og over tid. Inntil 2014 kjøpte Solund kommune tenester frå Solund næringsutvikling AS for å løyse delar av næringsarbeidet. Kjøpet gjaldt fyrstelinetenesta og gjennomføring av særskilde prosjekt. I perioden 2015 til 2017 kjøpte Solund kommune tenester frå Hafs Utvikling AS. HAFS Utvikling utførte alle næringsutviklingsoppgåvene for Solund kommune, inkludert forvaltning av næringsfondet. HAFS Utvikling vart avvikla ved utgangen av 2017.

Solund kommune ynskjer å bruke litt tid på å utvikle ein langsiktig løysing for utviklingsarbeidet i Solund, der næringsutvikling er ein vesentleg del av oppgåva. For å løyse næringsutviklingsarbeidet i ein periode før ei langsiktig løysing er på plass, ynskjer Solund kommune å kjøpe tenester eksternt.

Kva for tenester ynskjer Solund kommune å kjøpe?

Solund kommune ynskjer å kjøpe tenester for å løyse alle oppgåver innan det kommunale næringsarbeidet i ein periode på eit år, 01.07.2018- 30.06.2019, med opsjon for inntil eit år til. Leveransen må stette alle krav som fylke og stat stiller til næringsarbeidet i kommunane, jfr brev frå Sogn og Fjordane fylkeskommune datert 22.03.2018. Sjå vedlegg 2. Kommunane skal konsentrere sitt arbeid om etablerarar og småskala næringsliv, og sikre at dei har tilgang til rådgjeving, nettverk, mobilisering og finansiering.

Solund kommune har i sitt budsjett sett av kr 350 000,- årleg til kjøp av tenester innan kommunalt næringsarbeid.

Desse tenestene vil Solund kommune kjøpe i perioden 01.07.2018-30.06.2019, med opsjon for inntil 1 år til:

1. Fyrstelineteneste der minimum ein person i 50% stilling skal vere disponibel for oppgåver knytt til fyrstelinetenesta og kontaktinformasjon er lett tilgjengeleg for målgruppa.

2. Forvaltning av kommunalt næringsfond og kommunale næringslån i tråd med vedtekne retningsliner, bruke www.regionalforvaltning.no som verktøy i arbeidet med næringsfond og næringslån, årsrapportering til KMD og Fylkeskommunen.

3. Sakshandsaming/saksførebuing av søknader om næringslån og tilskot frå det kommunale næringsfondet.

4. Informasjonsarbeid for å synleggjere fyrstelinetenesta og tilbodet til etablerarar og småskala næringsliv i Solund.

5. Rådgjeving til etablerarar og småskala næringsliv.

Kva forventar me av dokumentasjon i tilbodet?

Vi ynskjer at det i eventuelle tilbod vert synleggjort kva de som tilbydar kan tilby for denne summen, og korleis tilbydar ser for seg å tilby tenester til etablerarar og småskala næringsliv.

NORDHORDLAND NÆRINGSHAGE

TILBODSBREV

Jf. avgrensa tilbodskonkurranse
etter del I og II i forskrifta

for innkjøp av

Kommunalt næringsarbeid - fyrstelinetenester og forvaltning av næringsfond og næringslån
for levering til Solund kommune

Saksnr. 18/157

NORDHORDLAND NÆRINGSHAGE

Nordhordland Næringshage AS

Deres ref.:	**Vår ref.:**	**Stad/ dato:**
Saksnr. 18/ 157	Kate Bentzen	Mastrevik, 22.05.18

Svar på kravspesifikasjon

Vedståingsfrist:	*Akseptert*
Kontraktsvilkår:	*Akseptert*
Dokumentasjon:	*Vedlagt*
Samarbeidspartnar:	*Gulen og Masfjorden Næringshage AS (samarbeidsavtale vedlagt)*
Periode:	1 år frå 01.07.18, med opsjon på inntil eit år til.
Tilbodspris totalt:	NOK 350 000,- eks. mva.

Tilbodsbrevet vert sendt pr. e-post til post@solund.kommune.no

Kontaktinformasjon hjå leverandør i anbudsperioden og ved kontrakttidspunkt:

Navn:	Kate Bentzen
Adresse:	Mastrevik Torg Sætremarka 1, 5943 Austrheim
E-post:	kate@nh-nh.no
Tlf:	482 07 257

Innleiing

Nordhordland Næringshage AS har hovudkontor på Mastrevik Torg i Austrheim kommune, men er og lokalisert i Solund med ein eigen avdeling. I Solund er her per dags dato tilsett ein ressurs i 40 % stilling, som saman med hovudavdelinga i Austrheim, driv næringshagearbeid opp mot næringsliv og bedrifter i Solund gjennom Næringshageprogrammet og samarbeidsavtalar. Grunna auka etterspurnad frå næringslivet etter næringshagen sine tenester og behov for auka synlegheit, ønskjer Nordhordland Næringshage å styrke sine ressursar og utvikle avdelinga i Solund vidare. Dette vil ein gjere i samarbeid med Gulen og Masfjorden Næringshage, som er ein strategisk viktig samarbeidspartnar for Nordhordland Næringshage (sjå vedlegg 1), og som gjennom samarbeidsavtaler yter tenester til næringslivsaktørar i Solund. Ressursar frå næringshagane vil auke fysisk tidsbruk i Solund med minimum ein fast kontordag i månaden. I tillegg vil ein utvikle digitale løysingar som knyt dei tre næringshageavdelingane i Solund, Austrheim og Sløvåg tettare saman til eit meir interaktivt felles miljø.

På bakgrunn av ynskje frå det lokale næringslivet i Solund om ei lokalt forankra fyrstelineteneste og eit lokalt forvalta næringsfond, ser Nordhordland Næringshage det som særs viktig å finne ressursar lokalt til denne tenesta. I samband med vårt tilbod til Solund kommune vil vi tilsette ein eigen ressurs med lokal tilknyting i minimum 50 % stilling i avdelinga i Solund, for å utføre tenester for Solund kommune utføre og anna næringshagearbeid.

NORDHORDLAND NÆRINGSHAGE

Svar på tildelingskriterium

Tilbodspris

Total pris for leveranse på eit år frå og med 01.07.18 NOK 350 000,- eks mva.
Prisen er knytt opp mot disponible ressursar for oppfølging av oppgåver knytt til fyrstelinetenesta og andre oppgåver lista opp under, gjennom ei minimum 50% stilling frå Nordhordland Næringshage AS avdeling Solund.

Oppgåveløysing

Fyrstelineteneste
Nordhordland Næringshage tilbyr fyrstelinetenesta til Solund kommune der ein ressurs i kontraktsperioden vil i næringshagen si avdeling i Solund vere disponibel for oppgåver knytt til fyrstelinetenesta i minimum 50 % stilling. Næringshagen vil som leverandør av fyrstelineteneste vere fyrste kontaktpunkt i tidleg fase for etablerarar og bedrifter. Næringshagen skal yte praktisk bistand i oppstarts- eller planleggingsfase og sikre at småskala næringsliv og etablerarar får tilgang til viktig informasjon, nettverk og kompetanse. Næringshagen skal yte rådgjeving og rettleiing, samt vere samtalepartnar for vidareutvikling av etableraren eller bedrifta sin ide.

Tilgjengeleg kontaktinformasjon
Kontaktinformasjon om leverandør av tenestene, vil verte tilgjengeleg gjennom Solund kommune sine nettstadar, i tillegg til hjå næringshagen sine eigne nettstadar, både på heimeside og i sosiale media, for målgruppa og andre interessentar.

Forvaltning av næringsfond
Nordhordland Næringshage tilbyr forvaltning av kommunalt næringsfond og kommunale næringslån og vil handtere denne oppgåva i tråd med vedtekne retningslinjer, bruke www.regionalforaltning.no som verktøy i arbeidet med næringsfond og næringslån, og utarbeide årsrapportering til KMD og Fylkeskommunen.
Næringshagen er forvaltar av offentlege midlar gjennom Næringshageprogrammet og er godt kjent med retningslinjer for bruk av offentlege midlar. Ressursbruk knytt til forvaltning av næringsfond og næringslån vil løysast på lik line med fyrstelinetenesta skildra over.

Sakshandsaming/saksførebuing av søknader
Nordhordland Næringshage tilbyr sakshandsaming og saksførebuing av søknader om næringslån og tilskot frå det kommunale næringsfondet. Gjennom fleire år med bistand til bedrifter i søknadsarbeid om offentlege midlar, og stort bidrag til auke i innvilga søknader, har næringshagen opparbeida særs god kompetanse i denne type oppgåver. Dette vil vere viktig kompetanse for arbeidet med sakshandsaming og saksførebuing av søknader. Ressursbruk knytt til dette arbeidet, vil løysast på lik line med utføring av dei øvrige oppgåvene skildra over.

Profilering av tenestetilbodet
Nordhordland Næringshage vil utøve informasjons- og profileringsarbeid for å synleggjere fyrstelinetenesta og tilbodet til etablerarar og småskala næringsliv i Solund, gjennom aktiv bruk av

kommunens og næringshagemiljøa sine eigne kanalar. Næringshagen vil også drive aktivt marknadsføringsarbeid gjennom aktivitetar som bedriftsbesøk, kompetansehevande tiltak som fagleg og sosiale arrangement for målgruppene, og andre passande aktivitetar etter behov.

Rådgjeving til etablerarar og småskala næringsliv.
Nordhordland Næringshage vil tilby rådgjeving til etablerarar og småskala næringsliv. I tillegg vil næringshagen kunne bistå etablerarar og næringsliv med utviklingsarbeid gjennom eigne samarbeidsavtalar i Næringshageprogrammet.

Tidsbruk i Solund

Nordhordland Næringshage vil i kontraktsperioden ha ein tilgjengeleg ressurs i minimum 50 % stilling i Solund. Ressursen vil vere tilsett i næringshagen og ha base i avdelinga på Hardbakke ved Solund Leilighetshotell.

Ressursen vil utføre dei oppgåvene som Solund kommune ønskjer utført, knytt til fyrstelinetenesta, bedriftsrågjeving og forvaltning av næringsfond og næringslån. I tillegg er her i dag ein ressurs i Nordhordland Næringshage, avdeling Solund, i 40 % stilling som og vil bidra inn i arbeidet. Utover dette utgjer Nordhordland Næringshage og Gulen og Masfjorden Næringshage eit samla kompetansemiljø med mykje ulik kunnskap og erfaring som vil bidra aktivt inn i leveransen av dei ulike oppgåvene kommunen ønskjer utført.
Sjå vedlegg 2 for meir utfyllande informasjon om samla kompetanse i næringshagane.

Sjå øvrige vedlegg for dokumentasjon

VEDLEGG

- Stadfesting av tilbod
- Skatteattest for Nordhordland Næringshage AS
- Eigenmelding om helse, miljø og sikkerheit (HMS)
- Bekreftelse Nordhordland Utviklingsselskap IKS
- Skildring av NHNH og GMNH
- Vedlegg 1 – samarbeidsavtale Nordhordland Næringshage og Gulen og Masfjorden Næringshage
- Vedlegg 2- Kompetansekartlegging av tilsette i næringshagane
- Vedlegg 3 – Aktivitetar og tenestetilbod gjennomført av Næringshagane for utvikling og vekst
- Vedlegg 4 – Økosystem for Næringshagane for utvikling og vekst

Stad/ dato:
Mastrevik Torg, 22.05.18

Kate Bentzen, dagleg leiar Nordhordland Næringshage AS

VURDERINGSTABELL	Vurderingsgruppe:	Erik Askeland	22.05.2018
Etter forhandlingar og reviderte tilbod		Tor Arne Hauge	
Kjøp av tenester innan kommunalt næringsarbeid - fyrstelinetenester og forvaltning av næringsfond og næringslån			
	1	2	3
	Askello AS	**Bauge og Bahus AS**	**Nordhordland Næringshage AS**
Tilbod			
Har sendt tilbod	Ja	Ja	Ja
Tidspunkt for mottak av tilbod	16.05.2018	22.03.2018	22.03.2018
Kvalifikasjonar			
Skatte- og avgiftsattestar ikkje eldre enn 6 mnd	Ja	Ja	Ja
Eigenerklæring HMS	Ja	Ja	Ja
Pris			
Totalpris	kr 350 000,-	kr 350 000,-	kr 350 000,-
Underskrift			
adresse	Aksello AS, Postboks 93, 6900 FLORØ	Bauge og Bahus AS, 6924 Hardbakke	Nordhordland Næringshage AS, Mastrevik Torg, Sætremarka 1, 5943 Austrheim
kontaktpers	Lone Bareksten	Tom Erling Bahus	Kate Bentzen
føretaksnr	987 075 155	889 014 652	998 557 542
Vurdering (0 er lågast 10 er best)			
Pris 25%	10,00	10,00	10,0
Kvalitet 50%	7,00	7,00	9,0
Tidsbruk i Solund 25%	3,00	6,00	9,0
Summering	**6,75**	**7,50**	**9,25**

Hadsel 22/5-2018

T Arne Hauge

Solund kommune
Sentraladministrasjonen

Nordhordland Næringshage AS
Mastrevik Torg
5943 AUSTRHEIM

ArkivsakID:	JournalID:	Arkivkode:	Dykkar.ref	Dato:
18/157	18/1715	K1 - 030, K2 - U01		25.05.2018

Innstilling av leverandør - Kommunalt næringsarbeid

Syner til konkurranse gjeldande innkjøp av Kommunalt næringsarbeid – fyrstelinetenester og forvaltning av næringsfond og næringslån for levering til Solund kommune. Tilbodsfristen var 22.05.2018 kl 12:00.

Innstillinga er no klar og dykkar tilbod vart innstilt som nr 1.

Solund kommune har som intensjon å inngå kontrakt med Nordhordland Næringshage AS om leveranse av Kommunalt næringsarbeid innan 06.06.18, slik at kontrakten kan endeleg godkjennast i Solund kommunestyre 07.06.2018.

Vi ønskjer å få til eit møte med NhNh i veke 22 for å drøfte vidare framdrift. Vi kan gjerne ta møte på skype om det høver best. Vi tek kontakt måndag 28. mai.

Med helsing

Tor Arne Hauge
Sakshandsamar

SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE

Nærings- og kulturavdelinga

Sakshandsamar:
Adrian Husabø Bjørseth
E-post: Adrian.Husabo.Bjorseth@sfj.no
Tlf.: 90247175

Vår ref.
Sak nr.: 17/8506-26
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Dykkar ref.

Dato
LEIKANGER, 22.03.2018

Adresseliste

Tilskot til kommunale næringsfond og stimuleringstilskot for 2018

Hovudutval for næring og kultur gjorde i sak 10/18 vedtak om tildeling av midlar til kommunale næringsfond for 2018. Det er viktig at kommunane les heile dette brevet. I brevet finn de viktig informasjon om vilkår knytt til tildelinga, og informasjon om føresetnader for å kome i posisjon til å få ny løyving til kommunale næringsfond i 2019.

Dei tildelte midlane er ein del av dei midlane som fylkeskommunen får frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD), og kommunane må difor følgje dei krav til forvaltning og rapportering som gjeld for desse midlane.

Tilskot for 2018

Tildeling av stimuleringstilskot for felles førstelineteneste

Kommunane Eid, Selje, Førde, Gaular, Jølster, Naustdal, Gulen, Sogndal og Leikanger får stimuleringstilskot på kr. 70 000 for felles førstelineteneste.

Tildeling av stimuleringstilskot for felles næringsfond

Kommunane Eid og Selje får eit stimuleringstilskot for felles næringsfond på kr. 23 333 kvar. Kommunane Førde, Gaular, Naustdal, Jølster, Sogndal og Leikanger får eit stimuleringstilskot på kr. 70 000 kvar for felles næringsfond.

Tildeling til kommunale næringsfond

Følgjande kommunar får tilskot til kommunalt næringsfond for 2018. Oversikta viser ordinær påfylling av næringsfondet og stimuleringstilskot:

Kommune	Grunnløyving	Stimuleringstilskot	Totalt tilskot 2018
Askvoll	386 165	-	386 165
Balestrand	315 779	-	315 779
Eid	507 593	93 333	600 927
Fjaler	378 151	-	378 151
Flora	739 318	-	739 318
Førde	783 176	140 000	923 176
Gaular	383 915	140 000	523 915
Gloppen	497 014	-	497 014
Gulen	358 413	70 000	428 413
Hornindal	312 503	-	312 503
Hyllestad	320 516	-	320 516
Jølster	385 376	140 000	525 376
Leikanger	358 413	140 000	498 413
Naustdal	377 283	140 000	517 283
Selje	375 704	93 333	469 037
Sogndal	583 348	140 000	723 348
Solund	297 305	-	297 305
Stryn	550 543	-	550 543
Vågsøy	502 817	-	502 817
Totalt	**8 413 333**	**1 096 667**	**9 510 000**

Også stimuleringstilskota skal nyttast til næringsfond, og ikkje til drift av næringsapparat.

Flora, Gloppen, Leikanger og Sogndal må levere politisk handsama rapport før midlane kan betalast ut.

Tilskota er gjeve på følgjande vilkår:

Føringar frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Kommunane må fylgje dei føringar som ligg i retningsliner og lovverk som departementet har gitt (sjå vedlegg).

Midlane til kommunale næringsfond vert henta frå Statsbudsjettet programkategori 13.50, Kap. 550,64. Målet med posten er å fremje inkluderande og vekstkraftige lokalsamfunn i område med særlege distriktsutfordringar. Midlane skal auke attraktiviteten for befolkning og næringsliv. Kriteria for måloppnåing er nye arbeidsplassar, søkjarar til ledige stillingar, at lokalsamfunna beheld tilflyttarar og grad av deltaking i frivillige organisasjonar. Korleis dette skal målast er ikkje fastlagt, og vi vil kome attende med meir informasjon når departementet utdjupar dette.

Departementet seier også at når ein tildeler midlar skal det i vurderinga av dei ulike prosjekta leggast vekt på klare mål, konkrete resultat og læring for vidare arbeid, samt:

- God lokal forankring, det vil seie at prosjekta skal følgje opp strategiar og planar med konkrete tiltak
- Tverrsektorielt samarbeid, der ein samlar ressursar for å oppnå størst mogleg samfunnseffekt
- Tiltak som bidreg til å bygge kunnskap og informasjonsdeling lokalt, regionalt, og/eller internasjonalt

Kommunane bør ta med seg desse føringane ved til dømes å vurdere om utlysingstekst skal oppdaterast.

Det skal rapporterast på kor mykje midlar som blir utløyst frå andre finansieringskjelder med bidraget frå budsjettposten. Denne rapporteringa skjer gjennom www.regionalforvaltning.no.

Retningsliner for tildeling av midlar til kommunale næringsfond:
I tillegg til retningsliner og føringar frå KMD gjeld også retningsliner frå fylkeskommunen.

Vedlagt finn de eit notat om prinsippvurderingar knytt til bruken av kommunale næringsfond, og som også gjeld som føring for verkemiddelbruken.

Konsekvensar ved feil bruk av midlar
Dersom kommunane ikkje følgjer vilkåra for tilskotet kan det få følgjer for neste års løyving til kommunale næringsfond. Fylkeskommunen har fått ansvar frå departementet om å følgje opp forvaltning og bruk av kommunale næringsfond. Dette omfattar mellom anna å kontrollere at rapportering gjennom regionalforvaltning.no er god nok, og at bruken av midlane er innanfor regelverket.

Notat i vedlegg om prinsippvurderingar knytt til bruken av midlar frå kommunale næringsfond gjeld som eit varsel for å unngå feil bruk av midlar. Dersom kommunane brukar midlar til tiltak som er varsla som feil, vil neste års løyving bli redusert.

Elles oppmodar vi om å ta kontakt dersom de har saker der de er usikker på tolking av regelveket.

Rolledeling mellom kommunane og Innovasjon Norge og kapitalgrenser:
Kommunane må rette seg etter notat om rolledeling i finansieringssaker, og vedtekne kapitalgrenser. Notatet er utarbeida i samarbeid med Innovasjon Norge, og vi føreset at kommunane gjer seg kjende med prinsippa og kapitalgrensene. De finn desse i vedlegg.

Innovasjon Norge skal vere samtalepart for kommunane i utvikling av retningsliner for den direkte bedriftsretta bruken av næringsfond, og rådgjevar i konkrete bedriftsretta saker.

Kunngjering
Midlane skal vere søknadsbaserte og kunngjerast på www.regionalforvaltning.no, på forvaltaren si nettside, og på ein slik måte at heile målgruppa blir nådd.

Sjå krav til tilskotsordningar, og tildelingskriterier i forskrift og retningsliner frå departementet.

Rapportering og www.regionalforvaltning.no:

- Midlane til kommunale næringsfond kjem frå Statsbudsjettet kap. 550 post 64. Kommunar o.a. som får midlar frå kap. 550.64 gjennom fylkeskommunen, skal rapportere bruken av midlar gjennom nettsida www.regionalforvaltning.no (RF 13.50) Kommunar som ikkje gjer dette, vil ikkje få påfylling av kommunale næringsfond. Frist for rapportering er **1. februar 2019.**
- Årsrapporten skal også handsamast politisk. Når årsrapporten vert handsama politisk, skal kommunen også i form av ei saksframstilling gjere ei vurdering av strategiar for næringsutvikling, om tiltaksapparatet har nødvendig omfang og fungerer godt, og om retningslinene er gode nok. Vi set krav om at rapporten skal behandlast politisk og sendast fylkeskommunen innan **15. februar 2019**.

  For 2017-rapporteringa var det mange som ikkje hadde gjort tilstrekkelege vurderingar, vi oppmodar kommunane om å betre dette for 2018-rapporten.

Utbetaling:
Vi vil snarast betale ut tildelte midlar. Midlane vil bli betalt ut til same bankkontonummer som i 2017. Dersom de ynskjer å nytte ein annan konto må de gje melding om dette.

Dokument og anna informasjon
Retningsliner m.m. ligg ved dette brevet, men de finn og retningslinene og anna informasjon knytt til kommunale næringsfond på nettsida vår. Sjå sfj.no.

Tilbakemeldingar til fylkeskommunen
Vi set stor pris på tilbakemeldingar frå kommunane både når det gjeld korleis vi saman jobbar med næringsfonda spesielt og kommunal næringsutvikling generelt. Kurstilbod vil bli tilpassa behov og ynskje frå kommunane.

Eventuelle spørsmål i tilknyting til dette brevet eller om næringsfonda generelt kan rettast til underteikna sakshandsamar.

Med helsing

Endre Høgalmen
Ass. fylkesdirektør for næring og kultur

Adrian Husabø Bjørseth
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:
Prinsippvurderingar knytt til bruken av midlar frå kommunale næringsfond, oppdatert april 2016
Retningsliner for kommunale næringsfond Sogn og Fjordane, gjeldande frå 2018
Retningsliner for arbeidsdeling i finansieringssaker

Vedlegg som ligg ved elektronisk:
Retningsliner for distrikts- og regionalpolitiske verkemiddel
Forskrift for distrikts- og regionalpolitiske verkemiddel

Mottakar (ar)
Askvoll
Balestrand
Eid
Fjaler
Flora
Førde
Gaular
Gloppen
Gulen
Hornindal
Hyllestad

Leikanger
Solund
Naustdal
Sogndal
Jølster
Selje
Stryn

Kopi til:
Sunnfjord Utvikling AS
Sogn Næring AS
Aksello AS
Innovasjon Norge
Ingvild Andersen

Avtale mellom Solund kommune og Nordhordland Næringshage AS om kommunalt næringsarbeid – om leveranse av fyrstelinetenester og forvaltning av næringsfond og næringslån for Solund kommune

Avtalen viser til:

KONKURRANSEGRUNNLAG

Avgrensa tilbodskonkurranse etter del I og II i forskrifta for innkjøp av

Kommunalt næringsarbeid - fyrstelinetenester og forvaltning av næringsfond og næringslån for levering til Solund kommune

Og levert TILBOD frå Nordhordland Næringshage AS datert 22. mai 2018 i denne tilknytinga.

Saksnr. 18/157

Føremål

Nordhordland Næringshage AS vert leverandør av kommunalt næringsarbeid – fyrstelinetenester og forvalting av næringsfond og næringslån for Solund kommune.

Innhald

Dette inneber eit ansvar for leveranse av fyrstelinetenester og forvaltning av næringsfond og næringslån for Solund kommune.

Nordhordland Næringshage AS har hovudkontor på Mastrevik Torg i Austrheim kommune, men er og lokalisert i Solund med ein eigen avdeling. I Solund er her per dags dato tilsett ein ressurs i 40 % stilling, som saman med hovudavdelinga i Austrheim, driv næringshagearbeid opp mot næringsliv og bedrifter i Solund gjennom Næringshageprogrammet og samarbeidsavtalar.

I kontraktsperioden vil ein ekstra ressurs med lokal tilknytning vere tilsett i minimum 50 % stilling i Nordhordland Næringshage og ha base i næringshagen si avdeling i Solund for å utføre tenestene knytt til fyrstelinetenesta og forvaltning av næringsfond og næringslån for Solund kommune og anna næringshagearbeid.
Utover dette utgjer Nordhordland Næringshage og samarbeidspartnar Gulen og Masfjorden Næringshage eit samla kompetansemiljø med mykje ulik kunnskap og erfaring som vil bidra aktivt inn i leveransen av dei ulike oppgåvene i avtalen.

Nordhordland Næringshage AS
Mastrevik Torg 5943 Austrheim
Org: 998 557 542
tlf: 48 20 72 57
kate@nh-nh.no
www.gmnh.no

Fylgjande oppgåver og aktivitetar inngår i avtalen:

Fyrstelineteneste
Nordhordland Næringshage leverer fyrstelineteneste til Solund kommune og næringshagen vil som leverandør av denne tenesta vere fyrste kontaktpunkt i tidleg fase for etablerarar og bedrifter. Næringshagen skal yte praktisk bistand i oppstarts- eller planleggingsfase og sikre at småskala næringsliv og etablerarar får tilgang til viktig informasjon, nettverk og kompetanse. Næringshagen skal yte rådgjeving og rettleiing, samt vere samtalepartnar for vidareutvikling av etableraren eller bedrifta sin ide.

Ressursbruk knytt til fyrstelinetenesta vil løysast ihht beskriving over.

Tilgjengeleg kontaktinformasjon
Kontaktinformasjon om leverandør av tenestene, skal vere tilgjengeleg gjennom Solund kommune sine nettstadar, i tillegg til hjå Nordhordland Næringshage sine eigne nettstadar, både på heimeside og i sosiale media, for målgruppa og andre interessentar.

Forvaltning av næringsfond
Nordhordland Næringshage leverer forvaltning av kommunalt næringsfond og kommunale næringslån og skal handtere denne oppgåva i tråd med vedtekne retningslinjer, bruke www.regionalforvaltning.no som verktøy i arbeidet med næringsfond og næringslån, og utarbeide årsrapport til KMD og Fylkeskommunen. Informasjon om retningslinjer for kommunalt næringsfond og kommunale næringslån skal liggje ute på www.regionalforvaltning.no.

Ressursbruk knytt til forvaltning av næringsfond og næringslån vil løysast på lik line med fyrstelinetenesta skildra over.

Sakshandsaming/saksførebuing av søknader
Nordhordland Næringshage leverer sakshandsaming og saksførebuing av søknader om næringslån og tilskot frå det kommunale næringsfondet.

Ressursbruk knytt til dette arbeidet, vil løysast på lik line med utføring av dei øvrige oppgåvene skildra over.

Nordhordland Næringshage AS
Mastrevik Torg 5943 Austrheim
Org: 998 557 542
tlf: 48 20 72 57
kate@nh-nh.no
www.gmnh.no

Profilering av tenestetilbodet

Nordhordland Næringshage skal utøve informasjons- og profileringsarbeid for å synleggjere fyrstelinetenesta og tilbodet til etablerarar og småskala næringsliv i Solund, gjennom aktiv bruk av kommunens og næringshagemiljøet sine eigne kanalar. Næringshagen vil også drive aktivt marknadsføringsarbeid gjennom aktivitetar som bedriftsbesøk, kompetansehevande tiltak som faglege og sosiale arrangement for målgruppene, og andre passande aktivitetar etter behov.

Rådgjeving til etablerarar og småskala næringsliv.

Nordhordland Næringshage skal tilby rådgjeving til etablerarar og småskala næringsliv. I tillegg vil næringshagen kunne bistå etablerarar og næringsliv med utviklingsarbeid gjennom eigne samarbeidsavtalar i Næringshageprogrammet.

Varigheit

Avtalen vert inngått for eit år frå 01.07.2018 med opsjon på inntil eit år til.

For denne leveransen får Nordhordland Næringshage NOK 350 000,- eks. mva. pr. år.

Avtalen er signert i 2 eksemplar, eit til kvar av partane og er bindande fram til 31. juni 2019.

Austrheim, 4. juni 2018

Erik Askeland	Kate Bentzen
Adminstrasjonssjef	Dagleg leiar
Solund kommune	Nordhordland Næringshage AS

Solund kommune

Arkiv:	K2 - L12
ArkivsakID:	17/240
JournalpostID:	18/1815
Sakshandsamar:	Tor Arne Hauge
Dato:	05.06.2018

Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
035/18	FORMANNSKAP	07.06.2018
	KOMMUNESTYRE	

Status reguleringsplan Sjønesvegen

Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre ber administrasjonen om at det vert gjort alternativvurderingar og konsekvensvurderingar på ulike løysingar for plassering av hamn og parkering for tilkomst til øyane i Nord-Solund.

Kostnaden til alternativvurderingar og konsekvensvurderingar vert dekka frå postnr 2853 i økonomiplan.

Vedlegg i saka:

11.04.2018	Tilbodsbrev
11.04.2018	Møtereferat fra møte 10.04.2018
19.08.2014	FORPROSJEKT SJØNESVIKA
05.06.2018	Reguleringsplan Presentasjon

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:
K.sak 045/12 Forprosjekt sjønesvika

Kva saka gjeld:
Vurdering av vidare framdrift i prosjekt Sjønesvegen.

Saksutgreiing:

Arbeidet med reguleringsplan for veg til Sjønesvika vart stoppa i mars, etter at det var klart at kostnaden med utarbeiding av reguleringsplanen vart mykje større enn fyrst rekna med.

Formannskapet vart i møte 24.april orientert om dei nye høge stipulerte kostnadane med utforming av reguleringsplanen for Sjønesvika. Kostnadsauken har samanheng med at det må gjerast meir omfattande undersøkingar, m.a. konsekvensvurderingar knytt til naturmangfald og kulturminneregistreringar, enn ein fyrst gjekk ut i frå. Auken i reguleringskostnad frå kr 150-200 000 til kr 635 000-785 000 er så stor at administrasjonen

stoppa prosjektet midlertidig for å drøfte vidare framdrift med formannskapet. Den store auken i kostnad gjer at reguleringsplanarbeidet må lysast ut på anbod før ein kjem vidare.

Historikk

Noko av utgangspunktet for at Sjønesvika kom opp som prosjekt var at det i den førre prosessen med revidering av kommuneplanen kom opp tankar om ei løysing med kabelferjer som eit alternativ til det tidlegare planlagde vegprosjektet til Nord-Solund, som var tenkt med utgangspunkt frå Lending vidare nordover mot Kråkesundet og på bruer nordover øyane til Burskøy og vest til Færøy. Det vart i kommuneplanprosessen også lagt inn areal i Sjønesvika til næringssutvikling og samferdsle med tanke på framtidig forbindelse til Lutelandet.

I 2009 sette kommunestyret av midlar til forprosjekt frå fylkesveg 032 til Nordre Sjønesvika. Plan Vest AS utarbeidde eit forprosjekt for veg til Sjønesvika. Kostnaden vart berekna til kr 10 millionar for vegframføring, medan heile anlegget med veg, kaianlegg, industriareal og parkeringsplass vart kostnadsrekna til kr 60 millionar.

I 2012 vedtok Solund kommunestyre i k.sak 045/12 m.a. at det skulle sjåast på ei stegvis utbygging, der dei kortsiktige behova til bebuarane i øyane vart stetta først. Det vart samstundes vedteke å setje ned ei arbeidsgruppe.

I arbeidsgruppa sitt fyrste møte 21.august 2013 vart det understreka at bakgrunnen for prosjektet var at innbyggjarar og næringsdrivande på øyane ynskte ei hamn og eit parkeringsområde som dei kunne nytte, der det ville vere lita konflikt mellom ulike interesser. Gruppa kom og med framlegg om at fylgjande skulle løysast som fyrste steg i prosjektet:

- *Reguleringsplan for kommunal veg, parkeringsplass og bryggje*
- *2 km veg til tilsvarande standard som den planlagde vegen til Tangenes*
- *Tilstrekkeleg med parkeringsplassar*
- *Kai vil interessentane på øyane vere villige til å finansiere gjennom eit båtlag*

Arbeidsgruppa sa seg samde i at dette vil vere det naturlege første byggjetrinnet i eit prosjekt med veg til Sjønesvika. Eit eventuelt samband nordover mot Fjaler vil ein måtte kome attende til seinare.

I formannskapsmøtet 24.04.18 vart det frå administrasjonen lagt opp til ei vidare drøfting av føremålet med reguleringsplanen, sidan dette framstår som noko uklårt.

Føremåla med ein reguleringsplan for veg til Sjønesvika kan vere fleire:

- Veg fram til ei ny småbåthamn for øyane i Nord-Solund
- Næringsareal nær sjø i Nord-Solund
- Kaianlegg for båtforbindelse til Ytre Fjaler/Lutelandet

Dersom føremålet med ei regulering av Sjønesvikvegen er å nå fram med veg og parkering til ei ny hamn for øybuarane bør det vurderast om det finst alternativ plassering som kan løyse dette på ein enklare og rimelegare måte. Kostanden med to kilometer veg i kupert landskap er i 2011 stipulert til 10 millionar.

Dei ulike føremåla kan truleg løysast på fleire stader i Nord-Solund.

Det er sett av 1 million i økonomiplan for 2019-2022 til *Veg/kai Sjøneset (inkl. reg.plan) prosjektnr 2853*. Det er såleis sett av nok midlar i prosjektet til å dekkje dei auka kostnadane med utforming av ein reguleringsplan, men då vil det meste av løyvinga vere brukt opp. Administrasjonen si oppfatning er at det ikkje var intensjonen å nytte så mykje midlar til reguleringsarbeidet i denne fasen.

Solund kommune har starta arbeidet med revidering av kommuneplan. I den samanheng er det kome innspel om prosjekt som kan vere alternative løysingar for deler av føremåla med Sjønesvikvegen. Det vil vere naturleg å sjå på desse prosjekta samla. Det kan evt. gjerast ved ei alternativvurdering, om lag på same måte som vart gjort då Solund kommune skulle finne beste plassering av massar frå Kystverket si utdjuping av Ytre Steinsund. Dersom ein samstundes gjer konsekvensvurderingar i tråd med krava til konsekvensvurderingar i samband med revidering av kommuneplanen sin arealdel kan dette vere ein rasjonell måte å kome vidare på med dette prosjektet og fleire prosjekt i Nord Solund.

Vurdering:
Administrasjonen er usikker på om målsetjingane for prosjekt Sjønesvegen er tydelege nok.

Dersom målet berre er veg fram til småbåthamn og parkeringsplasssar for øybuarane er det usikkert om Sjønesvika er den beste praktiske og økonomiske løysinga.

Administrasjonen vurderer kostnadane ved vegframføring til Sjønesvika til å verte så store at det må gjerast alternativvurderingar før ein set i gang reguleringsarbeidet. Arbeidsgruppa for kommuneplanen sin arealdel bør vere med i prosessen med alternativ vurderingar. Arbeidet bør skje paralellt med kommuneplanarbeidet.

Etter endeleg vedtak utskrift til:

Solund kommune

Plan og utvikling

NOTAT

Til:
Erik Askeland
Terje Drengenes

Dok. ref.
17/240-6/K2 - L12/HELALM

Dato:
11.04.2018

Notat om:
Møtereferat fra møte 10.04.2018

Sak: Reguleringsplan Sjønesvegen
Deltakara: Erik Askeland, Terje Drengenes, Tom Færøy og Helge Alme.

Det var informert om at arbeidet med reguleringsplanen blir meir omfattande enn kva ein trudde ved oppstart. Forprosjektet som ein skulle lage planen ut frå var ikkje så godt nok og det er kome fram i ettertid at det må gjerast omfattande undersøkingar og eit større planarbeid er påkrevd.
Plankonsulent hadde ein prisantyding på 150-200t a' kr 1000,- for planarbeidet på prisforespørsel før arbeidet starta. Med forbehold om at det ikkje var krav om planprogram og KU, noko ein trudde var med i forprosjektet.
Etter at reguleringsplanarbeidet var starta vart ein klar over at det var behov for fleire utgreiingar og at arbeidet til plankonsulent vart meir omfattande enn ein trudde.

Status for reguleringsarbeidet:

1. Alt arbeid med planen stoppa 8. mars.
2. Nytt prisoverslag for planarbeidet: Plankonsulent kr 450-500.00.- + KU naturmangfald kr 85.000,- det vil og kome til utgifter til kulturminneundersøking med kr.100-200.000,- totalt ein plass mellom kr 635.000- og 785.000,-

På ein synfaring i planområdet Terje hadde med Bjørn Anders Steinsund såg dei på planlagd veglinje og forholda i Sjønesvika. Vegen slik den er planlagd i forprosjektet bør flyttast på nokre stader samt korleis den går ned i den framtidige hamna. I hamna må det gjerast tiltak på botnen før ein får tilflot til ei småbåthamn der denne er plassert. Det er også grunnt i sørnenden av vika. Større båtar må det byggast kai til på utsida mor sundet. Topografien på industriområdet har store variasjoner og det vil være eit omfattande tiltak å tilrettelegge området med ferdig industriareal.

Det vart stilt spørsmål om Sjønesvika var rett området for ei småbåthamn for øyfolket, er det andre plasser som er betre eigna? Er det betre å planlegge ei ny hamn rett nord for Hersvikbygda, eller er det veg til Kråkesundet med hamn der som er framtidsretta. Ei flytting av småbåthamna kan være positiv for eventuell industri i Sjønesvika.

Ein vart samde om å orientere formannskapet om stoda for planarbeidet og foreslå at det vart laga ein rapport som visste kvar ein skulle bygge ny småbåthamn som var teneleg for alle på øyane, i Kråkesundet og som kunne løyse plassmanglen som er i hamna på Hersvik. Administrasjonen skal lage ein presentasjon som ein legg fram for formannskapet som ein orientering.

Helge Alme
Sakshandsamar

Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	**Saksnr.**	**Møtedato**	**Sakshandsamar**
FORMANNSKAP	047/12	31.05.2012	HARSKI
KOMMUNESTYRE	045/12	14.06.2012	HARSKI

Avgjerd av: Solund kommunestyre	**Arkiv:** K2-L82 **Objekt:**	**Arkivsaknr** 10/515

FORPROSJEKT SJØNESVIKA

ADMINISTRASJONSSJEFEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Administrasjonen får fullmakt frå kommunestyre med å jobbe vidare med planen om nytt samband I Nord Solund over til faslandet. Det bør oppnevnast ei arbeidsgruppe som kan arbeide vidare med planen og alternativ slik at det kan komma opp som eit prosjekt på fylkesplan.

31.05.2012 FORMANNSKAP

Votering:
Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR-047/12 VEDTAK:

Administrasjonen får fullmakt frå kommunestyre med å jobbe vidare med planen om nytt samband I Nord Solund over til faslandet. Det bør oppnevnast ei arbeidsgruppe som kan arbeide vidare med planen og alternativ slik at det kan komma opp som eit prosjekt på fylkesplan.

14.06.2012 KOMMUNESTYRE

Plan Vest Bergen AS v/Geir Håland orienterte kommunestyret om utbyggingsprosjektet.

FRAMLEGG TIL VEDTAK FRÅ H V/SVEINUNG KRÅKÅS:

1. Solund kommunestyre ber om at det vert sett på moglegheitene for ei stegvis utbygging, der dei kortsiktige behova for bebuarane i øyane vert stetta først.
2. Det må vurderast om prosjektet bør spelast inn som eit fylkesvegprosjekt. Det må gjerast ei samla vurdering av dette når kommunen gjev høyringsuttale til handlingsdelen av Regional Tranportplan (RTP).
3. Solund kommunestyre set ned ei arbeidsgruppe som skal arbeide vidare med prosjektet i samråd med administrasjonen. Med i arbeidsgruppa vert:

- 1 politisk representant oppnemnd av formannskapet
- 1 representant frå Nord Solund Vel
- 1 representant frå bebuarar/næringsdrivande på øyane

4. Administrasjonen deltek og utgjer sekretariatsfunksjon for arbeidsgruppa
5. Formannskapet fastset mandat for arbeidsgruppa

Votering:
Det vart røysta alternativt mellom formannskapet sitt framlegg til vedtak og H sitt framlegg til vedtak. H sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KOM-045/12 VEDTAK:

1. Solund kommunestyre ber om at det vert sett på moglegheitene for ei stegvis utbygging, der dei kortsiktige behova for bebuarane i øyane vert stetta først.
2. Det må vurderast om prosjektet bør spelast inn som eit fylkesvegprosjekt. Det må gjerast ei samla vurdering av dette når kommunen gjev høyringsuttale til handlingsdelen av Regional Tranportplan (RTP).
3. Solund kommunestyre set ned ei arbeidsgruppe som skal arbeide vidare med prosjektet i samråd med administrasjonen. Med i arbeidsgruppa vert:
    - 1 politisk representant oppnemnd av formannskapet
    - 1 representant frå Nord Solund Vel
    - 1 representant frå bebuarar/næringsdrivande på øyane
4. Administrasjonen deltek og utgjer sekretariatsfunksjon for arbeidsgruppa
5. Formannskapet fastset mandat for arbeidsgruppa

DOKUMENTLISTE:

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	U	11.10.2010	Nord Solund Vel; Harald Bontveit; Terje Midtbø; Steinar Nybø	FORPROSJEKT VEG TIL SJØNESVIKA
2	U	21.10.2010	Nord Solund Vel	REFERAT FRÅ MØTE 20.10.2010 FORPROSJEKT SJØNESVEGEN
3	I	30.11.2010	Nord Solund Vel	MØTEREFERAT UTARBEIDE STRATEGI/FRAMDRIFT I PROSJEKT TRAFIKK-KNUTEPUNKT NORDRE SJØNESVIKJA-NORD SOLUND-LUTELANDET
4	U	13.04.2011	Råd. Ing Ragnar Hagen AS; Plan Vest Bergen; Norconsult AS	TILBODSINNBYDING FORPROSJEKT VEG TIL SJØNESVIKA
5	I	06.05.2011	Plan Vest Bergen AS	TILBOD PÅ FORPROSJEKT VEG TIL SJØNESVIKA
6	I	09.05.2011	Norconsult AS	TILBOD PÅ FORPROSJEKT VEG TIL SJØNESVIKA
7	I	24.08.2011	Plan Vest Bergen AS	UNDERSKRIVEN AVTALE FORPROSJEKT SJØNESVEGEN
8	I	02.11.2011	Plan Vest Bergen As	KOSTNADSKALKYLE VEG PR 02.11.2011 FORPROSJEKT SJØNESVIKA
9	I	14.12.2011	Plan Vest Bergen AS	INNSENDING FORPROSJEKT VEG TIL SJØNESVIKA
10	I	05.03.2012	Nord Solund Vel	TRAFIKK-KNUTEPUNKT NORD SOLUND - LUTELANDET VEG OG INDUSTRIOMRÅDE NORDRE SJØNESVIKJA
11	I	15.04.2012	Nord Solund Vel	VEDK TRAFIKK-KNUTEPUNKT NORD SOLUND - LUTELANDET VEG OG INDUSTRIOMRÅDE NORDRE SJØNESVIKJA
12	U	02.05.2012	Nord Solund Vel	ANG. FORPROSJEKT OM VEG TIL SJØNESVIKA

VEDLEGG I SAKA:

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel

For utfyllande opplysningar/ikkje prenta vedlegg sjå Solund kommune si heimeside.

AKTUELLE LOVER, FORSKRIFTER, AVTALER M.M.:

KVA SAKA GJELD:

Saka gjeld nytt samband for øyane i Nord Solund og til fastlandet i Nord (Lutelandet).

SAKSUTGREIING:

Utdrag framtidsynskje frå Nord Solund Vel:
Det er eit ynskje om at det vert bygt veg få Fylkesveg 032 til Sjønesvika med m.a. tilrettelegging for parkeringsplass, landfeste for flytekai og fast kai for skyssbåt/ambulansebåt og eit utvida område for etablering av evt.lager. Ein ynskjer vidare eit industriområde der framtidige samarbeidspartnarar kan etablerere seg.

Det vart I K-sak 060/09 løyvd kr. 100.000,- til forprosjekt veg frå Fylkesveg 032 til Nordre Sjønesvikja. Sjønesvikja blir rekna som eit knutepunkt for øybuarane i Nord Solund og fastlandssamband med båt til Lutelandet. Dette er svært viktig å få på plass for å få ei vidare utvikling av Solund sin infrastruktur.

Det er av stor betydning for prosjektet at regionen ikring, både HAFS og Sogn og Fjordane Fylke, får del i desse planane. Ein håpar at dette òg blir eit prosjekt til vidare utvikling for heile kommunen.

I folkemøte 12.04.07 om Kommuneplanen, vart det lagt til grunn fylgjande om prosjektet:

Nordre Sjønesvika: Trafikk-knutepunkt, avlasting av Hersvik hamn.

a. Ferjekai m/djupvass-kai og industriområde.
b. Veg frå eksisterande Fylkesveg 032 til Nordre Sjønesvikja, ca. 1,5 km.
c. Kabelferje til Buskøy, ca. 300 m,
d. Veg fram til eksisterande kommunal veg på Buskøy, ca 800 m.
e. Kabelferje til Færøy over Grunnosen, ca 650 m
f. Tilknyting m/landingsplass til kommunal veg på Færøy
g. Realisering av Lutelandet: Hurtig-gåande skyssbåt for arbeids-og passasjer-rute Solund-Lutelandet/Korssund, og reisande til Førde og retur.

Ovannemnde punkt er vedtekne i kommuneplanen for Solund. Prosjektet er både framtidsretta og innovativt at ein no ser på fastlandssamband i eit rutemønster som samstundes tek med alternative ruter til Buskøy/Færøy. Planen kan vere ei framtidig løysing av infrastruktur, der det vil medverke til stor nedkorting i reise-og transportavstand for innbyggarane i Solund.

Vidare vil ei framtidig tilknyting med kabelferje for øyane Buskøy og Færøy, medverke til at bedrifter kan få levert varer med biltransport over Sjønesvikja. Dette vil òg føre til styrking av bedrifter og heilårs-busetnad på Buskøy og Færøy, hytter og reiselivsbedrifter vil få endra/forenkla reisemønster til og frå.

Pendling til arbeidsplassar på Lutelandet/bustad i Solund og reise innanfor eige fylke, kan ei oppretting av knutepunkt både til fastlandet og øyane i Nord Solund føre mykje positivt med seg. T.d kan ein hente varer og tenester, som ikkje finst i Solund, frå nær- områda på fastlandet. Bedrifter i Solund kan delta i levering av tenester t.d. på Lutelandet, tida for sjuketransport til Sentralsjukehuset i Førde og reise vidare i eige fylke, kan kortast ned med ca 1 time.

Industri i Solund, t.d.mekanisk, elektro og andre, kan få høve til å delta i framtidig industri på Lutelandet. Samstundes som ein kan utføre arbeidet her, er det naturleg at det planlagde industriområdet i Sjønesvikja òg vert nytta. Å bygge ut og ta i bruk dette arealet, reduserer transport-tida betydeleg, samtidig som det ikkje opptek areal der noverande industri pågår.

Det er òg naturleg at delproduksjon til industrien på Lutelandet, utført av bedrift i Solund, får areal til sin produksjon i Sjønesvikja industriområde.

Med veg frå FV 032 til Sjønesvika, og eit delprosjekt for utarbeiding av kaiområde/ parkeringsplass og tilrettelegging av flytebrygger, som byggetrinn I, vil det medføre at eit knutepunkt for trafikk til og frå øyane i Nord Solund og fastlandet/Lutelandet kan bli realisert.

Forprosjekt:
Det er av Plan Vest AS utarbeidd eit forprosjekt for veg frå FV 032 til til Sjønesvika. Kostnaden for framføring av veg er berekna til om lag 10 mill. Heile prosjektet er kalkulert til om lag 60 mill, veg, kaianlegg, industriareal og parkeringsplass.
Det vert frå veglaget/Nord Solund Vel hevda at kostnaden er høgare enn forventa.

Dersom ein skal planlegge veg er det fleire omsyn som må takast med:

- Kva vegstandard skal ein velje?
- Skal vegen byggast som framtidig fylkesveg?
- Kva terrengmessige utfordringar treffer ein på i prosjektet?
- Veganlegget må byggast etter Statens vegvesen sin standard/handbøker

For å få nærmare utredning og svar på ein del spørsmål, vil konsulent/Plan Vest AS som har utarbeidd forprosjektet, kome til kommunestyret 14. juni 2012 og orientere om forprosjektet i same møtet. Kommunestyret vil få høve til å kome med sine spørsmål.

VURDERING:
Administrasjonen har fått utarbeidd forprosjekt for veg til Sjønesvika m.m. Vegprosjektet pluss elles infrakstruktur er kalkulert til omlag 60 mill. Solund kommune kan ikkje på eigahand sette i gang med eit så kostbart tiltak åleine. For å realisere dette ynskje, er det behov å få lyfta prosjektet opp på eit høgare nivå m.a på fylkesplan, og vegen bør byggast som fylkesveg. Administrasjonssjefen ser positivt på at både kommunen og Nord Solund kan få eit raskare samband til fastlandet, Lutelandet og vidare til Førde og Florø.

For å gå vidare med prosjektet er det viktig at ein kan sjå på knutepunkt i Sjønesvika og alternativ. Med å velje Sjønesvika, legg det opp til kort veg over til Buskøy og vidare til Færøy, som i framtida vil kunne knyte seg opp mot veg med kabelferje. Det er tidsperspektivet som er det mest presserande for denne saka. Ein må i denne saka stilla eit realistisk spørsmål kva tid kan ein tenkje seg å få realisert dette prosjeket. Ein må samarbeide med Lutelandet og få veg-kravet her på plass når produksjon kjem i gang.

Administrasjonssjefen sin innstlling:
Administrasjonen får fullmakt frå kommunestyre med å jobbe videre med planen om nytt samband I Nord Solund over til faslandet. Det bør oppnevnast ei arbeidsgruppe som kan arbeide vidare med planen og alternativ slik at det kan komma opp som eit prosjekt på fylkesplan.

ETTER ENDELEG VEDTAK UTSKRIFT TIL:
Plan Vest Bergen AS, v/Geir Håland

Nord Solund Vel, v/Anne Grethe Furrevik, 6926 KRAKHELLA

Midgard Invest AS, v/Rune Solvang

Reguleringsplan

Sjønesvegen

Kva skal me gjere?

Planområdet



Status for planarbeidet

- Meir omfattande enn ein trudde.
- Vert dyrare grunna krav om KU, Naturmangfald, kulturminneregistrering
- Pris i tilbod 150-200.000.- kr
- Pris no grovt anslag til 635-785.000.- kr
- Prisauken tilseier at ein ikkje kan ta dette som direkte kjøp men må ha ein tilbodsrunde for å finne billegaste
- Alt arbeid vart stoppa 8. mars


Hersvikbygda
Sjønesvika
C01
C02
C03
D01
Leknesstind


Sjøneset

Sjønesvika

Formålet med reguleringsplanen?

- Småbåthamn for dei på øyane
- Industriområde

Rett plassering av ei småbåthamn?

- Er det rett plassering ut frå dagens behov?
- Er det andre plasseringar som vil være betre?

Kven skal småbåthamna være for?

Alternativ plassering

Kråkøysundet

Hersvikbygda

Kråkesundet eller Hersvikbygda

- Veg til Kråkesund og småbåthamn der. +/- 5km.
- Er eit initiativ frå grunneigarar om veg.
- Gode moglegheiter for hamn
- Hyttefelt på Saltskår
- Kort veg frå fylkesveg
- Løyser parkerings problema i hamna
- Løyser hamneproblema (plassmangel).

Vegen vidare?

Politikarane bestemmer!

1. Fortsatt regulering av Sjønesvika. Må starte på nytt med innhenting av tilbod for komplett reguleringsplan.
2. Tinge ein rapport som viser kvar ei ny hamn bør ligge.